

Møteinkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad:

Dato: 06.04.2017

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post
fmfsano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Hilmar Høl er kalla inn som vara for Gunn Åmdal Mongstad.

Møtet vert gjennomført som telefonmøte eller svar på e-post. Styreleiar avgjer korleis møtet skal gjennomførast.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 14/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 15/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 16/17	Delegerte saker		
DS 4/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen og Åsen		2015/3832
DS 5/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til oppsett av gjerde på stølen Åsen		2017/1165
DS 6/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Stigen og Åsen		2017/1123
DS 7/17	Øvingsplan Vik Røde kors - motorferdsel i verneområde		2013/5411
ST 17/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - transport av materiale og proviant med traktor til Hjølmo		2017/1120

ST 14/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 15/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

ST 16/17 Delegerte saker

**DS 4/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter
på Øvste Stigen og Åsen**

**DS 5/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til oppsett av gjerde på
stolen Åsen**

**DS 6/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter
på Stigen og Åsen**

DS 7/17 Øvingsplan Vik Røde kors - motorferdsel i verneområde



Arkivsaksnr: 2017/1120-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 20.03.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	17/17	06.04.2017

Nærøyfjorden landskapsvernombord - transport av materiale og proviant med traktor til Hjølmo

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Arild Dyrdal løyve til å køyra på stien frå Hjølmabru og opp til stølshuset på Hjølmo for fylgjande transport:

1. 4 turar med traktor og tilhengar for transport av materiale og utstyr. Løyvet gjeld for perioden frå 20. mai til 20. juni 2017.
2. 2 turar med traktor og tilhengar for transport av ved, proviant og forbruksmateriale i samband med utleigeverksemd. Løyvet gjeld for perioden 20. mai til 30. september 2017.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Køyring med traktor skal avgrensast til det som er naudsynt for frakt av materiale, ved, utstyr og proviant. Arbeidet skal planleggast godt for å få færrast mogleg turar, og bør gjennomførast på færrast mogleg dagar.
- For å avgrensa køyreskadar, skal det ikkje køyrast i periodar med mykje nedbør.
- Dette løyvet skal vera med under transport.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.11.2017 om gjennomført transport

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune med spørsmål om løyve etter anna lovverk.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Arild Dyrdal om løyve til motorferdsel frå Hjølmabru til stølen Hjølmo, datert 13.03.2017:
 1. 4 turar med traktor og tilhengar for frakt av byggemateriale til stølshus på gnr. 67 bnr. 9 i samband med vedlikehaldsarbeidet på stølshuset i perioden 20. mai til 20. juni 2017.




Nærøyfjorden verneområdestyre

2. 10 sesongturar med traktor for frakt av driftslausøyre, ved, proviant og anna forbruksmateriale i samband med verdiskapande aktivitet tilknytt stølshuset.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Skjøtselsplan for stølen Hjølmo og gamlevegen i Dyrdal, Aurland Naturverkstad rapport 13-2006.

Arild Dyrdal starta arbeidet med innvendig vedlikehald av stølshuset i 2016, og skal fortsetje arbeidet i år. Dyrdal leiger ut stølshuset i sommarhalvåret.



Utklypp fra Fylkesatlas. Transportveg på sti fra Hjølmabru til Hjølmo. Landbruksvegen stoppar ved Hjølmabru.



Stølen Hjølmo. Foto Anbjørg Nornes

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2:
«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter». Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad.

«Motorferdsle på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing» jf. § 3 pkt. 2.1. I verneforskrifta er det ikkje opna for å gje løyve til motorferdsel i utmark på bar mark, men det kan søkjast om å løyve til å bruka snøskuter til transport av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar. Køyring på barmark må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 1. ledd fyrste alternativ som seier at verneområdestyret kan «*gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...*».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Det er positivt at Arild Dyrdal held stølshuset på Hjølmo i god stand. Stølshusa er viktige kulturminne, og dei er ein viktig del av kulturlandskapet på stølen. Vedlikehaldsarbeidet på stølshuset starta opp i fjar haust. Reglane i verneforskrifta er ikkje til hinder for vedlikehald og restaurering av stølshuset når arbeidet ikkje fører til endringar på bygningen, og ikkje fører til



endringar av landskapet. Arbeidet som skal gjerast er innvending vedlikehald, og ikkje søknadspliktig etter verneforskrifta. Det er naudsynt med transport av materiale for å gjennomføra arbeidet.

Hjølmo er stølen til Dyrdal og Styvi. Det er ikkje aktiv stølsdrift her lenger, men området vert nytta til sauebeite og rekreasjon. Arild Dyrdal har utleige av stølshuset det vert utført vedlikehaldsarbeid på. Dei fleste stølshusa på stølen er i god stand, og stølsområdet er bra ivaretake. Det er ikkje kjente førekomstar av trua artar eller naturtypar i tiltaksområdet. Det er god kunnskap om området gjennom forvaltningsplan og skjøtselsplan. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt liten vekt.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. Det er motorisert ferdsle på landbruksvegen opp til bruva nedanfor stølen på Hjølmo. Traktor med tilhengar skal køyrast om lag 200 meter frå landbruksvegen og opp til stølshusa. Det er ein sti gjennom stølsvollen fram til stølshuset til Arild Dyrdal. Terrenget der det er planlagt å køyre har høg tåleevne, og det har vore transport på denne strekninga før utan at det har sett store spor i terrenget. Planlagt transport av materiale er vurdert som naudsynt for å gjennomføra vedlikehaldsarbeidet. Ein av dei andre grunneigarane på Hjølmo er også i gang med vedlikehald av stølshuset. Han har fått løyve til å utføra arbeidet, og fått løyve til å transporterera materiale med traktor opp til stølshuset i sommar. Den samla belastninga på området av motorferdsle vil samla sett vera stor i denne perioden.

Det er søkt om 10 sesongturar for transport i samband med utleige av stølen. Dersom det vert opna for å køyra på barmark til dette føremålet, vil det gje ein stor auke i motorferdsla i området. Arild Dyrdal har ikkje gjeve opplysningar om kva eller kor mykje forbruksmateriell som skal transporterast. Han opplyser at ein tilhengar kan ta inntil 16 tonn. Det vert difor vurdert at naudsynt transport av proviant, ved og forbruksmateriell i samband med utleigeverksemda bør kunne kombinerast med dei 4 turane med transport av materiale, og med ein ekstra tur i august. I forvaltningsplanen er det lagt vekt på å halde motorferdsel i området på eit lågt nivå, og transportbehov skal samordnast. Køyring på barmark i samband med utleigeverksemde er ikkje omtalt i forarbeidet til verneforskrifta eller i forvaltningsplanen. 10 turar i sesongen med køyring på barmark i samband med utleige, vil kunne gje presedens for liknande saker i verneområdet. Køyringa vil kunne gje ein auka belastning av støy i området. I tillegg vil køyring på stien over tid føra til at det vert opparbeid køyrespor i utmark. Både støy og køyrespor vil samla sett føra til auka belastning på verneområdet, og vil vera i strid med verneverdiane i området.

Køyring på snøføre vil gje mindre skade på terrenget, og i reglane i verneforskrifta er det opna for å gje løyve til transport på snøføre. Søkjer opplyser at dei har arbeid for at det ikkje skal køyrast med snøskuter i Dyrdal, og at dette difor ikkje er ein aktuell transportmetode. Vegen frå Dyrdal til Hjølmo er eit område med snøskredfare, og det kan vera ein viss risiko med transport på vinteren. Dette kan vera eit argument for transport på barmark i sesongen. Traktor skal køyrast langs stien som har vore nytta til transport tidlegare opp til stølshusa. Vegetasjonen på stølsvollen har høg tålegrens for tråkk. Med avgrensing av tal turar, vil transporten difor truleg føra til små køyreskadar i terrenget. Det er viktig at løyveinnehavaren planlegg arbeidet på ein slik måte at køyringa fører til minst mogleg skade på terrenget. Det bør det ikkje køyrast i periodar med mykje nedbør for å unngå køyreskadar. Køyringa må avgrensast til færrast mogleg turar, og til det som er naudsynt for å frakte materiale til og frå



stølshuset. Forvaltar vurderer transporten der er søkt om som naudsynt, og meiner bruk av traktor er ein miljøforsvarleg metode til dette føremålet jf. nml. § 12. Dersom køyringa medfører vesentleg skade på naturmiljøet, kan tiltakshavar verta pålagt å ta kostnadane med å utbeta skadane jf. nml. § 11.

Forvaltar meiner motorferdsla til føremålet i søknaden kan vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Køyringa er vurdert til i liten grad å påverka verneverdiane, og køyring i tilknyting til arbeid på stølshuset er vurdert til ikkje å vera i strid med verneformålet. 10 faste turar med transport til stølshuset vil kunne føra til skade på verneverdiane i området, og vera i strid med verneføremålet. På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta, naturmangfaldlova § 48 og §§ 8-12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til 4 turar med transporten av materiale, og 2 turar med transport i samband med utleige av stølshuset.